



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 20.06.2017  
**Tid:** 10:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Randi Langlo	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Maurset	Randi Langlo	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann, Volda
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann, Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann, Hornindal

Frå tillitsvalde møtte:

Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter (Fagforbundet), Sirikit Vågen (Utdanningsforbundet), Norunn Helene Holmøy-Wang (Delta)

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 1/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 3/17	<b>Konstituering av Fellesnemnd - Nye Volda kommune</b>
PS 4/17	<b>Møteplan Fellesnemnda 2. halvår 2017</b>
PS 5/17	<b>Tilsetjing prosjektleiar</b>
PS 6/17	<b>Mandat partssamansett utval og val leiar og nestleiar.</b>
PS 7/17	<b>Plan/tiltak for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.</b>
PS 8/17	<b>Delegering frå Fellesnemnda</b>
OS 1/17	<b>Personendring i Fellesnemnda</b>
OS 2/17	<b>Status for kartleggingsfase</b>
OS 3/17	<b>Nettside rundt kommunesamanslåinga</b>
OS 4/17	<b>Eingongstilskot frå staten</b>
OS 5/17	<b>Saker til handsaming etter ferien</b>

## **PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Sakliste:**

Leiar Stig Olav Lødemel ønske å kort orientere om personelle endringar i fellesnemnda.

Rune Sjugard ønske å leggje fram nokre orienteringar som tilleggssaker på slutten av møtet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmann Rune Sjugard og leiar Stig Olav Lødemel, vart samrøystes godkjent.

## **PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 29.05.2017 vart samrøystes godkjent.

## **PS 3/17 Konstituering av Fellesnemnd - Nye Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Sjølv om kommunestyrevedtaka og Stortingsvedtaket er gjort, vil ein tilrå at Fellesnemnda som formelt organ etter Inndelingslova for ordens skuld og symbolsk bør konstituerer seg på nytt.**

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om leiar/nestleiar burde ha funksjonstid til t.d. 30.09.2018. Det var semje i Fellesnemnda om at funksjonstida skal vare fram til Fellesnemnda vert løyst opp.

### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 20.06.2017:**

***Fellesnemnda vedtek å konstituere seg slik som organisert i Mellombels fellesnemnd, og tek protokolltilførselen frå Odd A. Folkestad til vitande.***

***Leiar: Stig Olav Lødemel***

***Nestleiar: Jørgen Amdam***

## **PS 4/17 Møteplan Fellesnemnda 2. halvår 2017**

### **Administrasjonen si tilråding:**

#### **Møteplan haust 2017:**

**Fellesnemnda:**                   **14.september Grodås**  
  **12. oktober Volda**  
  **16. november Grodås**  
  **desember ?**

**Styringsgruppa:**               **24. august Grodås**  
  **28. september Volda**  
  **02. november Grodås**

### **Handsaming:**

Etter drøfting i Fellesnemnda vart det konkludert med at eit møte i desember truleg ikkje vert nødvendig, sidan det vert kort tid mellom novembermøtet og juleferien. Leiar Stig Olav Lødemel kom med framlegg om å vedta møteplanen utan møte i desember.

### **Røysting:**

Lødemels forslag samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 20.06.2017**

### ***Møteplan haust 2017:***

***Fellesnemnda***                   ***14.september Grodås***  
  ***12. oktober Volda***  
  ***16. november Grodås***

***Styringsgruppa***               ***24. august Grodås***  
  ***28. september Volda***  
  ***02. november Grodås***

## **PS 5/17 Tilsetjing prosjektleiar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Prosjektleiar Rune Sjugard vert rådmann i nye Volda kommune.**
- 2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.**
- 3. Rådmannen i Hornindal kommune, Ann Kristin Langeland, går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen**

### **Handsaming:**

Rådmann i Volda, Rune Sjugard, og rådmann i Hornindal, Ann Kristin Langeland, melde seg ugild i saka, og trekte seg tilbake frå møtet under denne saka.

Odd A. Folkestad spelte inn at eit delegeringsreglement burde vere på plass snarast, slik at rådmannen/prosjektleiaren sjølv kunne setje saman sin stab i den nye kommunen.

Ass. Rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal viste til prosjektplanens punkt 3.2: «Delegering frå Fellesnemnda».

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen samrøysta vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 20.06.2017**

- 1. Prosjektleder Rune Sjørgård vert rådmann i nye Volda kommune.*
- 2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektledarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
- 3. Rådmannen i Hornindal kommune, Ann Kristin Langeland, går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen*

**PS 6/17 Mandat partssamansett utval og val leiar og nestleiar.**

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda gjev partssamansett utval følgjande mandat:**

**Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.**

**Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.**

**All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.**

**Til leiar for partssamansett utval vert vald: .....**

**Til nestleiar for partssamansett utval vert vald: .....**

**Handsaming:**

Odd Harald Sundal med framlegg om Jørgen Amdam som leiar og Stig Olav Lødemel som nestleiar.

**Røysting:**

Framlegget til Odd H. Sundal samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 20.06.2017**

***Fellesnemnda gjev partssamansett utval følgjande mandat:***

***Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.***

***Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.***

***All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.***

***Til leiar for partssamansett utval vert vald: Jørgen Amdam***

***Til nestleiar for partssamansett utval vert vald: Stig Olav Lødemel***

## **PS 7/17 Plan/tiltak for ekstern kulturbygging nye Volda kommune.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda syner til vedlagde utkast til Plan/tiltak for kulturbygging for nye Volda kommune og tek denne førebels til vitande. Planen/tiltaka vert å ta inn i prosjektbeskrivinga. Fellesnemnda tek sikte på å velje prosjektnemnd og førebu sak om administrativ ressurs og budsjett til føremålet over sommaren.**

Fellesnemnda drøfta ulike utfordringar og tiltak knytt til kulturbygging på tvers av kommunegrensene i Volda og Hornindal. Rådmann Rune Sjugard ønskjer å la dette «modnast» over ferien, og det vil kome ei sak på dette etter ferien.

Fellesnemnda tek saka til vitande.

## **PS 8/17 Delegering frå Fellesnemnda**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek å nytte punkt 3.2 «Delegering frå Fellesnemnda» i utkastet til prosjektplan som eit delegeringsreglement inntil nytt vedtak blir gjort.**

### **Handsaming:**

Utdeling av dokument. Ass. Rådmann Asbjørn Moltudal delte ut dokumentet «*Utkast PROSJEKTBEKRIVELSE Hornindal-Volda rev 09.03.17*».

Utdrag av «*Utkast PROSJEKTBEKRIVELSE Hornindal-Volda rev 09.03.17*», ref. punkt 3.2 Delegering frå Fellesnemnda:

## **3.2 Delegering frå Fellesnemnda**

### **A. Delegering til Leiaren i Fellesnemnda**

A1. Leiaren av Fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og leiar og nestleiar signerer på vegne av kommunen i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.

A2. Leiaren av Fellesnemnda kan gje andre mynde til å delta og representere den nye kommunen.

A3. Leiaren av Fellesnemnda kan innvilge offentlige gåver og merksemd knytt til den nye kommunen for inntil kr 1.000 i kvart høve.

### **B. Delegering til partssamansett utval**

B1. Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.

B2. Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

### **C. Delegering til prosjektleiar**

C1. Prosjektleiar skal gje tilråding i alle saker til Fellesnemnda. Prosjektleiar har ansvar for at saker som vert lagt fram, er forsvarleg utgreidde, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.

C2. Prosjektleiar har ansvaret for koordinering av politiske og administrative prosessar og syter for at det vert gjort vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etablering av den nye kommunen.

C3. Prosjektleiar for kommunesamanslåinga vert gitt mynde til å gjere vedtak/ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter og der slikt mynde ikkje er gjeve til andre.

C4. Prosjektleiar har mynde til innkjøp- og tilvising innanfor Fellesnemnda sitt budsjett i samsvar med vedtekne prioriteringar. Vidare har han/ho mynde til å godkjenne tilbod/anbod dersom ikkje myndet er lagt til andre nemnder eller organ. Likeeins har han/ho mynde til å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.

C5. Prosjektleiar har mynde til å overføre personell til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.

C6. Prosjektleiar har tilsettingsmynde til stillingar i den nye kommunen. Unntaket frå dette er tilsetting av rådmann og revisor.

C7. Prosjektleiar kan delegere eige mynde vidare internt.

### **D. Retningslinjer for bruk av delegert mynde**

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

### **E. Iverksetjing og gyldigheit**

Dette reglementet er vedteke av Fellesnemnda og trer i kraft frå det tidspunktet reglementet er godkjent i begge kommunestyra.



Endringar av reglementet kan berre gjerast og vedtakast av Fellesnemnda der det ikkje går fram av reglementet at andre kan delegere myndet vidare.

### **Røysting:**

Administrasjonens innstilling samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 20.06.2017**

*Fellesnemnda vedtek å nytte punkt 3.2 «Delegering frå Fellesnemnda» i utkastet til prosjektplan som eit delegeringsreglement inntil nytt vedtak blir gjort.*

### **OS 1/17 Personendring i fellesnemnda**

Stig Olav Lødemel orienterte om at Rasmus Kirkhorn har fått fritak frå verv i fellesnemnda, ettersom han også er leiar i kontrollutvalet. Kirkhorn søkte om fritak i kommunestyret i Hornindal, som innvilga søknaden. Bente Tryggestad tek over plassen til Kirkhorn i Fellesnemnda.

### **OS 2/17 Status for kartleggingsfase**

Rune Sjugard orienterte om at i vinter har 15 arbeidsgrupper jobba med å kartlegge organisasjonane i kommunen, og leverte 1. juni ein rapport til rådmennene. Dette skal no gåast gjennom, før fase 2 (planlegging) og fase 3 (gjennomføring) skal setjast i verk.

### **OS 3/17 Nettside rundt kommunesamanslåinga**

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven jobbar med ei mellombels nettside for den nye kommunen. Målet er å ha denne på plass så snart som råd etter ferien.

### **OS 4/17 Eingongstilskot frå staten**

Rune Sjugard orienterte om at Volda og Hornindal kommunar får tildelt 20 millionar kroner i eingongstilskot frå staten i samband med samanslåinga. Det er Fellesnemnda sitt ansvar å forvalte dette tilskotet.

### **OS 5/17 Saker til handsaming etter ferien**

Rune Sjugard orienterte om at komande saker etter ferien er mellom anna organisering av landbruk, kommunikasjonsplan for Hornindal og Volda, vurdering av styrka ressursinnsats for prosjektgjennomføring innanfor IKT/arkiv, budsjettkorrigering og mogleg samkøyring av skatteinnkrevjing i Volda og Hornindal tidlegare enn 01.01.2020.

Møte slutt kl. 11:47

Rett utskrift,  
Volda kommune, Samfunn og rådgjeving,  
23.06.2017

Joakim Rødven,  
Kommunikasjonsrådgjevar